



Bergensadvokatene AS

Referanser:

Dykkar:

Vår: 15/139 - 15/10265

Saksbehandlar:

Benjamin Hicks

Benjamin.Hicks@lindas.kommune.no

Dato:

05.05.2015

Løyve til etablering av utslippsanlegg, utslippsløyve samt dispensasjon - Gbnr 89/13 Haugsmyra

Kommunen gjev løyve til etablering av utslippsanlegg i samsvar med søknad motteke journalført den 15.01.2015, 16.01.2015 og seinare motteken dokumentasjon, jf. plan- og bygningslova (pbl) § 20-1. Løyvet omfattar også godkjenning av søknad om ansvarsrett som vist under avsnittet «Ansvar og kontroll».

Løyvet vert gjeve på følgjande vilkår:

1. Ikkje noko arbeid må utførast utover det som er omfatta av løyvet. Eventuelle endringar må søkjast om og godkjennast av kommunen før dei kan gjennomførast.
2. Tiltaket må utførast etter tekniske krav gitt i byggeteknisk forskrift 2010.
3. Løyvet er gjeve på vilkår av at gebyr etter pbl § 33-1 er innbetalt.
4. Målsett situasjonsplan som viser ferdig plassering i forhold til kjente bygningspunkt og grenser må vedleggast søknad om ferdigattest eventuelt mellombels bruksløyve.
5. Tiltaket må ikkje takast i bruk før ferdigattest eventuelt mellombels bruksløyve er gjeve, jf. pbl § 21-10.

Dette løyvet, med dei kart og teikningar det vert vist til, skal alltid vera tilstade på byggeplassen.

Kommunen gjev dispensasjon frå arealdelen til kommuneplanen samt punkt 1.4 i føresegnene til kommuneplanen, jf pbl § 11-6, jf § 19-2.

Lindås kommunen gjev utsleppsløyve for sanitært avlaupsvatn for fritidsbustad med ein brukseining på gnr. 89 Bnr. 13. Løyvet gjeld utslepp frå minireinseanlegg via etterpoleringsanlegg gjennom tett leidning til bekk med heilårsvassføring. Løyve er gitt på bakgrunn av dei opplysningar som følgjar av søknad journalført den 15.01.2015 og 16.01.2015 og seinare motteken dokumentasjon. Vedtaket er fatta med heimel i forureiningsforskrifta § 12-5.

Løyvet er gitt på følgjande vilkår:

- Avløpsvatnet skal reinsast med prefabrikkert biologisk og kjemisk minireinseanlegg.
- Etter reinsing skal avløpsvatnet føres via kum til godkjent etterpoleringsanlegg og vidare gjennom tett leidning til vassdrag med heilårsvassføring til sjø.

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



- Oppheving av serviceavtale medfører bortfall av løyve.
- Tomta skal knytast til offentlig eller anna felles vass- og avløpssystem og eventuell overvassleidning dersom dette vert utbygt i området.
- Utsleppet skal til einkvar tid tilfredsstillende krava i forskrift om forureining §§ 12-7 til 12-13 og som skildra i søknaden. Utsleppsanlegget skal dimensjonerast, byggast, drivast og vedlikehaldast slik at det har tilstrekkelig yteevne.
- De vert hermed gjort kjent med at eigaren av avlaupsanlegg er ansvarleg for at anlegget vert drive og vedlikehalda slik at krava i utslippsløyvet vert fylgt.

Ansvar og kontroll

Følgjande føretak har fått godkjent ansvarsrett:

Rolle	Tk	Ansvarsområde	Godkjent føretak	Org. nummer	S/L
SØK	1	Rørarbeid, ny etb renseanlegg	Lindås VVS N.T	915836445	S
PRO	1	Rørarbeid, ny etb renseanlegg	Lindås VVS N.T	915836445	S
UTF	1	Rørarbeid, ny etb renseanlegg	Lindås VVS N.T	915836445	S

*S = sentral godkjenning, L = lokal godkjenning

Saksutgreiing:

Det er søkt om dispensasjon frå kommuneplanens arealdel med føresegner, utsleppsløyve for eksisterande fritidsbustad og søknad om etablering av minireinseanlegg. Det ligg føre teknisk godkjenning av anlegget.

Andre tiltak som kan vere vist på eller skildra i innsendte søknadsmateriell, har kommune ikkje teken stilling til og er ikkje omfatta av dette løyve. Det same gjeld tiltak som er nemnt i saksutgreiinga men som ikkje er nemnt i førrre avsnitt.


Søknaden er handsama som løyve i eitt trinn.

Varsling

Det er opplyst at nabovarsel er sendt ut. Det ligg ikkje føre merknader frå naboar, jf. skriv motteken den 18.03.2015.

Plassering av leidningar på nabogrunn

Det er lagt fram erklæring for rett til å legge eigen leidning over annen manns eigedom fram til utslippspunktet.



Resipient

Resipienten har god kapasitet men med ukjent vassutskifting. Etablering av dette utsleppet vurderast å medføre minimale forureiningsmessige ulemper.

Reinsing

Avløpsvatnet skal reinsast i samsvar med forskriftskrav.

Plangrunnlag

Eigedomen er omfatta av kommuneplanen for Lindås kommune 2003.

Dispensasjonar

Det er eit føresetnad for å kunne gje dispensasjon etter plan- og bygningslova § 19-2 at omsyna bak reglane det vert dispensert frå ikkje blir vesentleg sett til sides. Dei ulike reglane i planer har som oftast blitt til gjennom ein omfattande vedtaksprosess. Det skal difor ikkje vera ei kurant sak å fråvika desse, også for at planen sitt hovudføremål som overordna informasjons- og vedtaksgrunnlag ikkje skal undergravast. Fordelane ved å gje dispensasjon må vera klart større enn ulempene etter ei samla vurdering, jf § 19-2 andre ledd. Det vil normalt ikkje vera høve til å gje dispensasjon når omsyna bak reglane det vert søkt dispensasjon frå framleis gjer seg gjeldande med styrke.

Det er søkt om dispensasjon frå kommuneplanen frå 2003 punkt 1.4 & 3.1. Søknaden er grunnlagt med fylgjande:

«Renseanlegget (Biovac FDS for nedgraving) + etterpolering som er omsøkt vil betre utsleppstilhøva i området. Eigedommene har i likhet til veldig mange andre boliger/fritidsboliger i alle år utført utslepp av gråvatn uten tilfredstillande rensing. Byggherre og ansvarleg søker er nå klar over at området ligg i Inf sona, men både vi i Lindås VVS og byggherre er av den oppfatning av at miljøet rundt ikkje vil ta skade av eit minirensanlegg av denne størrelse.»

Forbodet mot anleggstiltak i punkt 1.4 er meint å ramme større anleggstiltak som kan medføre større forureining av elvar og bekkar. Det har ikkje vore meininga at forbodet skulle ramme små reinseanlegg. Tiltaket er i utgangspunktet også i strid med LNF føremålet, jf. punkt 3.1 i føresegnene til kommuneplanen. I føresegna står det imidlertid at: «Eigedomar som er bygd på inngår i planen som byggeområde».

Fylkesmannen har i 2008 erklært at denne delen av føresegna er ugyldig. Omsyna bak reglane i føresegnene til kommuneplanen vert ikkje vesentleg sett til sides.

Vi kan ikkje sjå at omsynet bak LNF føremålet eller punkt 1.4 i føresegnene til planen blir skadeliden dersom det vert gjeve dispensasjon for etablering av anlegget fram til utslippspunktet. Fordelene er at fritidsbustad kan vert nytta på ein betre måte enn tidlegare. Miljømessig omsyn talar for at det vert gjeve dispensasjon for etablering av utslippsanlegget.

Det er ei klar overvekt av argumenter som talar for dispensasjon.

Plan- og bygningsstyresmaktene finn på dette grunnlag at vilkåra for dispensasjon i pbl § 19-2 er oppfylt. Søknad om dispensasjon vert godkjent.

Frist

Er arbeidet ikkje sett i gang innan tre år etter at løyve er gitt, eller vert arbeida innstilt i lengre tid enn to år, faller retten til å etablere utsleppet bort. Dersom utsleppet framleis er aktuelt, må ny søknad sendast inn.

Gebyr

Gebyr for sakshandsaming vert sett i samsvar med kommunen sitt gebyrregulativ. Det vert sendt faktura til tiltakshavar.

	Gebyr
6.1 Kartbasis	500
9.1.2 Dispensasjon frå plan	8.400
10.2.5 Basisgebyr anlegg	10.000
10.2.9 Ansvarsrett	1.000
17.2.3 Utslepp < 50 PE	5.600
SUM	25.500

Klagerett

Vedtaket kan påklagast til kommunen, jfr. fvl. § 28. Klagefristen er 3 veker frå den dagen De mottok vedtaket. Det er nok at klagen er postlagd innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til etaten som har gjort vedtaket. I klagen skal det gå fram kva som vert påklaga (vedtak) og kva endringar De som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Vilkår for å reise sak for domstolane om vedtaket:

Partane vert med dette gjort merksam på at søksmål om gildskapen av vedtaket eller krav om erstatning som fylgje av vedtaket, ikkje kan reisast utan at vedkomande part har nytta høve til å klage på vedtaket, og at klagen er avgjort av høgaste klageinstans som står open (fylkesmannen). Søksmål skal likevel i alle tilhøve kunne reisast når det er gått 6 månadar frå klage fyrste gong blei levert, og det ikkje er grunna forsømming frå klagar si side at klageinstansens avgjerd ikkje føreligg jf. forvaltningsloven § 27 b.

Med helsing

Tor Hegle
einingsleiar

Benjamin Hicks
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Dette skrivet er sent elektronisk til mottakarane.

Kopi til:
Lindås VVS N.T

Mottakarar:
Bergensadvokatene AS